

# Nytt frå ATS



*Eva sorterer moppar som skal leverast til lokale bedrifter.*

Vaskeriet tek imot svært ulike ting til vask: Dugar, gardiner, arbeidstøy, moppar, teppe osv. Har du dyner, dunjakkar, overmadrass, teppe eller andre ting du treng stor vaskemaskin og stor tørketrommel for å få eit godt resultat til, kan du gjerne ta turen innom på vaskeriet ved ATS.

\*

Ved-sesongen er i godt gjenge, og ATS har allereie køyrt ut fleire tusen vedsekker til kundar i Luster, Sogndal og Leikanger. Lagera er ikkje tomme, så enno er det høve til å få kjøpe ved for den som ikkje allereie har sikra seg nok til årets forbruk.



*Halvard Johan i arbeid med digitalisering.*

Tilbodet om digitalisering av ulike typar bilete og dokument har vore tilgjengeleg ved ATS ei tid. Dei tek til å få god erfaring med ulike former for reparasjon av dårlege bilete, og har relativt stor kapasitet på rein skanning. Har du album, konvoluttar, skoøskje eller skuffer med bilete kan oppmodinga vera å få dei digitaliserte ved ATS. Bilete vert berre meir verdifulle etter kvart som tida går, og på denne måten kan du få teke vare på og delt bilete som elles berre vert liggjande. Særleg verdifulle og/eller gamle bilete er også fylkesarkivet interessert i, og ATS kan syta for at slike bilete vert sende dit.

Fredag 6. november vart på nytt presentasjonen «Wittgenstein og eg» synt fram, denne gongen for Alna bydel i Oslo. Førestillinga tek utgangspunkt i John sitt liv, frå oppvekst i Solvorn, via institusjonar i Bergen og Balestrand attende til eit godt vaksenliv i Luster.

John, Roland og Odd Atle planlegg også å setja opp att førestillinga ein stad i Indre Sogn innan sommaren 2016. Førestillinga vert open for alle, og er eit godt høve til å skaffa seg nokre nye og overraskande perspektiv på livet. Når me brukar Ludvig Wittgenstein sine ord og uttrykk på John sine opplevingar og eigne perspektiv, vert gamle «sanningar» utfordra og ny forståing skapt.



*Forsamlinga følgde nøye med under den halvanna times lange førestillinga. John, Roland og Odd Atle formidlar forteljinga om John sitt liv, med sideblikk frå Wittgenstein sine filosofiske uttrykk, på ein gripande måte.*



## Lustramarknaden 2016

Erfaringane med å arrangere Lustramarknaden har vist oss at det er både vilje og interesse for å vera med å skapa ei skikkeleg kulturveke i juni. I 2016 vert denne veka frå den 4. – 12. juni. Den store marknadsdagen i Gaupne vert laurdag den 11. juni.

Arbeidet med å få på plass Kulturveka i 2016 er starta og marknadskomiteen skal ha ein plan ferdig til utgangen av februar.

Lokale arrangørar og andre som kan tenkja seg å vera med i programplanen melder seg til Erling Bjørnetun, tlf.: 57 68 55 21 eller: erling.bjornetun@luster.kommune.no.



### Gravstell

ATS tilbyr stell av graver på kyrkjegardar i Luster. Ansvarleg for grava kan sjølv ta kontakt med ATS for å gjera avtale. Nedanfor ser du eksempel på ei av «gravstell-pakkene» ATS tilbyr sine kundar :

#### Gravstell pakke 1:

Start om våren

- Rydda og ta bort gammel jord.
  - Leggja i ny jord og planta.
  - Døme på blomster som vert nytta er: (sjå bilete)
- Sommarblomster vert planta når fare for nattefrost er over.
  - Luking og vatning ved behov resten av sommaren.
  - Haust: Rydda bort sommarblomster, plantar ein lyng.

1. – 30. mai plantar ein stemor.

20. mai – 5. juni sommar- og kantblomster.

Ca 1. september plantar ein lyng.

Det kan gjerast avtale om at ein vil planta ut sjølv, og ATS utfører luking og vatning.

Det er høve til å få utført andre tenester etter ønskje, som t.d. til jul, påske, fødselsdagar, t.d. plassering av liljer, krans, lys eller liknande.

## Nytt kulturreglement

Luster kommunestyre har vedteke nytt tilskotsreglement for tilskot til kulturføremål frå 2016. I det nye reglementet (2016 – 19) er kravet til medlemskontingent, gjeldande frå og med 2017, auka til kr 200. Tilsvarande krav til familiekontingent vert kr 600. Sidan medlemskontingent er noko som vert fastsett av dei enkelte organisasjonar sine årsmøte med verknad for året etter, er det naturleg å fase det inn f.o.m. 2017.

Nytt pkt. 3: Tilskot til spesielle tiltak. Søkarer må her gi ei presisering av «det spesielle» sidan grunnstønad er den reelle økonomiske stønaden til den «ordinære» aktiviteten.

For dei som vil studere reglementet nærare, kan dette hentast ut frå Luster kommune si heimeside. Spørsmål kan også rettast til servicetorget.

Hugs at alle faste tilskotsordningar har søknadsfrist 1. mars.

Tilskot til spesielle tiltak kan søkast på heile året.